

Endring områdeplan Hoven Loen, Stryn kommune

Oppdragsgjevar: Loen Skylift AS

Rapport type: Planinitiativ

Dato: 03.05.2024

Prosjektnr.: 22011

Planinitiativ



Innhold:	side
1 PLANINITIATIV.....	4
2 FORMÅLET MED PLANARBEIDET	4
3 PLANOMRÅDET.....	4
3.1. Avgrensing og lokalisering.....	4
3.2. Dagens arealbruk.....	5
3.3. Egedomsforhold	7
4 GJELDANDE PLANAR	7
4.1. Kommuneplanen sin arealdel.....	7
4.2. Gjeldande reguleringsplan	7
4.3. Øvrig planverk og retningslinjer	8
5 PLANLAGDE TILTAK.....	9
5.1. Bygg, anlegg og andre tiltak	9
5.2. Utnyttingsgrad, volum, byggehøgder, utforming	15
5.3. Funksjonell og miljømessig kvalitet	15
6 VERKNAD PÅ LANDSKAP OG OMGJEVNADER.....	15
6.1. Landskap og natur	15
6.2. Omgjevnad	16
6.3. Kunnskapsgrunnlag.....	17
7 SAMFUNNSTRYGGLEIK – RISIKO OG SÅRBARHEIT	17
7.1. Risiko og sårbarheit	17
8 PLANPROSESS OG MEDVERKNAD.....	21

8.1. Varslingspartar ved planoppstart	21
8.2. Medverknad	21
9 VURDERING ETTER FORSKRIFT OM KONSEKVENSTREDNINGER	22
9.1. Aktuelle utgreiingstema.....	23

	Prosjektnr: 22011	Dato: 03.05.24.24
Status		Dato:
Utkast til oppdragsgivar		03.05.24
Til kommunal behandling		16.05.24
Plankonsulent: Nordplan AS Pb 224 6771 Nordfjordeid Tlf: 57 88 55 00 www.nordplan.no		Tiltakshavar: Loen Skylift AS 6789 Loen
Kontaktperson: Heidi Hansen		Kontaktperson: Richard Grov
Prosjektleder: Heidi Hansen		Sign:
Medarbeidar:		Sign:
Kontrollert av:		Sign:

1 Planinitiativ

Det er utarbeidd planinitiativ i samsvar med §1 i Forskrift om behandling av private forslag til detaljregulering etter plan- og bygningsloven (pbl).

Planinitiativet skal i naudsynt grad omtale premissane for det vidare planarbeidet, som grunnlag for oppstartsmøte etter pbl § 12-8.

2 Formålet med planarbeidet

Formålet med planarbeidet er å legge til rette for oppgradering og vidare utvikling av aktivitetar og anlegg på Hoven, drive av Loen Skylift og Loen Active. Tiltakshavar ønskjer å styrke heilårsdrifta av dagens anlegg med ei utviding av aktivitetar som kan gi eit breiare tilbod til besøkjande. Planarbeidet her blir fremja som ei endring, og mindre utviding av deler av områdeplan for Hoven Loen, godkjent i 2015 (PlanID 2013005).

3 Planområdet

3.1. Avgrensing og lokalisering

Planområdet ligg i Loen i Stryn kommune, og omfattar regulert areal knytt til toppstasjon for Loen Skylift as ved Hoven og noko utvidingsareal m.a. til ei «Vardestove» på Skredfjellet.




Fig. 1. Oversiktskart med markering av regulerte område, og nye tiltaksområde markert med raudt.




Fig. 2 Framlegg til plangrense for endring av områdeplan Hoven, Loen.

3.2. Dagens arealbruk

Skredfjellet – Hoven

Store deler av arealet består av snaufjell og lite vegetasjon. Innanfor området er det i dag driftsvegar, turvegar, toppstasjon for Loen Skylift as, kafèbygg, drifts- og lagerbygg.



Fig. 3 Flyfoto av området Skredfjellet – Hoven.



Fig. 4. Flyfoto som viser detaljar ved toppstasjon på Hoven.

3.3. Egedomsforhold

Skredfjellet – Hoven

Hovudtyngda av arealet er eigd av Loen Sameige. Loen Skylift AS eig arealet som dagens bygningsmasse står på. For nye areal som inngår i framlegg til endring av områdeplan Hoven, Loen, ligg det føre intensjonsavtale om kjøp/leige av grunn med Loen Sameige.

4 Gjeldande planar

4.1. Kommuneplanen sin arealdel

Kommuneplanen for fjellområdet ved Hoven vart godkjent 02.05.2006. Det er såleis område-reguleringsplanen for Hoven Loen som er styrande for arealbruken for areal som ligg innanfor denne plangrensa. Nytt utvidingsareal i planen, som ligg utanfor plangrensa til områdeplan Hoven Loen er avsett til LNF-område, med unntak av ein helikopterlandingsplass som er avsett i kommuneplanen vest for eksisterande parkeringsplass på Oppheim/Holme (markert med ein H på kartutsnitt under).




Fig.5 Utsnitt av kommuneplankartet frå 2006.

4.2. Gjeldande reguleringsplan

Områdeplan for Hoven Loen godkjent 04.06.2015.




Fig.6 Utsnitt gjeldende reguleringsplan Hoven Loen.

4.3. Øvrig planverk og retningslinjer

- Kommunal planstrategi for Stryn kommune, 2020-2024.
- Heilskapleg risiko- og sårbarheitsanalyse 2015 (under revisjon).
- Kommunedelplan for energi og miljø 2009-2013.
- Kommunedelplan for vassforsyning 2020.
- Kommunedelplan for avløp 2023.
- Statlege og regionale planretningslinjer.

5 Planlagde tiltak

5.1. Bygg, anlegg og andre tiltak



Fig.7 Oversiktskart som viser plassering av aktuelle tiltak. (G – ev. boretunnel avløp)

Skredfjellet – Hoven

Loen Skylift as har planar om følgjande utviklingstiltak:

- a) Loen Active butikk, Hoven (punkt A i fig. 7)


Formålet med planendringa er å opne område BAA4 for bygg som er større enn det gjeldande reguleringsplan opnar for, og som har funksjon som forretning i tillegg til VA-formål/lagerbygg/verkstad/garasje som er fastsett i gjeldande plan. Kjellardelen av bygget vil innehalde funksjonar som lager, pumpeanlegg, og nødstraumsaggregat, i samsvar med gjeldande føresegner.

Eit bygg med forretning/service-formål vil primært vere eit tilbod for Loen Active sine kundar, der klatrande i Via Ferrata kan få tilbod om garderobe med dusj på toppen av fjellet. Her kan

leigast og leverast tilbake klatreutstyr, turklede, kjelkar og liknande utrustning. Bygget skal ikkje opnast for overnatting.

Plasseringa av bygget har samanheng med eksisterande VA-anlegg i grunnen, og krev justering av formålsgrænse mot friområde GF2. *Jf. fig. 8 til høgre.*


b) Friområde/utsiktspunkt
(område B i fig.7)



Tiltakshavar ønskjer å flytte regulert byggeområde BAA5 (kartutsnitt til høgre i fig.10), og endre arealet til friområde med høve til opparbeiding av gangstiar, som utviding av område GF1. Same type område ønskjer ein å opne for vest for restauranten/område BAA3, friområde med høve til etablering av gangstiar og utsiktspunkt. Dei aktuelle areala er vist i fig. 10 under.



Fig. 9 Figuren viser utviding av område GF1 (8 daa) og etablering av område GF7 (9,6daa).



c) Enkelt tautrekk Hoven (område C i fig.7)

Medfører i hovudsak endring i føresegn for området GTD1, der ein opnar for enkelt tautrekk nord for BAA4. Dette vil vere eit sesongtiltak, som blir fjerna i sommarsesongen. Einaste permanente konstruksjonar vil vere eit betongfundament i kvar ende av tautrekket. Aktuell plassering er vist på figuren under. Lengde ca. 300 meter, høgdedifferanse 47 meter.




Fig. 10 Aktuell plassering av enkelt tautrekk vist med stipla, blå line.

d) Opplevingssenter Hoven (område D i fig.7)

Deler av området GF2 ønskes endra til byggeformål. Jf. fig. 11 under. Eksisterande avløpsanlegg er plassert i området med eit enkelt overbygg. På same stad er det ønskje om å kunne bygge eit større bygg som kan romme opplevingar som informasjon til dømes om staden, naturen, fjell, fjord og bre, skredulukker i området med vidare. Innandørs aktivitetar for barnefamiliar og andre. Ein vil i så fall bygge inn det eksisterande overbygget i eit større, meir fullverdig bygg. Aktuell grunnflate 1000-1200m².




Fig 11 Figuren viser flytting av område BAA5 til eksisterende avløpsanlegg, der ein ønskjer å kunne bygge dette inn i eit større bygg med funksjon som opplevingscenter.

e) Idretts-/aktivitetsområde Hoven (område E i fig.7)

I tidlege planar for Loen Skylift hadde ein tankar om etablering av eit skitrekk/område for skileik. I arbeidet med endring av reguleringsplan ønskjer tiltakshavar å vurdere om eit område på «baksida» av Hoven kan setjast av til eit aktivitetsområde, der ein kan etablere konstruksjonar for skitrekk eller tilsvarende aktivitet. Området som er illustrert under er på ca. 34 dekar.




Fig.12 Kartutsnitt som viser aktuell plassering av eit aktivitetsområde med opning for tiltak som plassering av mastefundament og mindre bygg i endestasjonar.

f) «Varden» servering Skredfjellet (område F i fig.7)

Ved toppen av Skredfjellet, er det ønskje om å kunne etablere ei «hytte» for enkel servering der kundar vil vere turgåarar som tek den enkle turen opp frå toppstasjonen, eller går vidare mot Nøkketjønn, Årheimsfjellet, Oppheimsetra eller liknande turmål. Byggestil vil ha sterk fokus på landskapstilpassing, i utforming og materialbruk. Grunnflate ca. 250 m². Bygget må ha vatn og avløp, dette bør løysast utan vesentlege terrenginngrep, til dømes ved bora tunnel ned til toppstasjonsområdet. Løysing må drøftast i VA-rammeplan.





Fig. 13 Aktuell plassering og døme på utforming av bygg på Skredfjellet, med arbeidstittel «Varden».

h) Avløpstunnel Hoven - Loen (område H i fig.7)

Avløpskapasiteten på Hoven må aukast. Det er i prinsippet to alternativ for dette, enten auka kapasitet på dagens anlegg eller tilknytning til kommunalt anlegg i Loen eller Solvik. Det siste bør i så fall skje ved etablering av ein bora avløpstunnel i fjellet. Ei mogleg løysing er grovskissert under, der borehol startar ved Hoven på ca 1000 m.o.h. Rørlengde i fjell ca. 1500 meter. Borehol ut ved ca. 90 m.o.h. VA-grøft vidare fram til kommunalt anlegg.





Fig.14: Mogleg trasé for bora VA-tunnel. Vertikalprofil under.



5.2. Utnyttingsgrad, volum, byggehøgder, utforming

For bygningar ved Hoven område BAA4 kan det vere aktuelt å auke utnyttingsgraden frå 300 m² til 700 m², og etablere bygget i to etasjar. Bygg for opplevingscenter er aktuelt i to etasjar med grunnflate ca. 1070 m², og andre etasje ca. 855 m².

Bygninga på Skredfjellet er tenkt etablere med grunnflate ca. 245 m² i ein etasje.

5.3. Funksjonell og miljømessig kvalitet

Tiltaka er planlagt for å auke friluft- og turismeaktiviteter i tilknytning til etablerte anlegg. Nye tiltak som både omfattar bygningar og aktivitetstiltak, vil ligge i eit ope snaufjellsterreg. Det vil bli viktig å planlegge tiltaka med lette og transparente konstruksjonar som samstundes må tole natur- og klimapåkjenningar. Avdempa fargebruk og materialval som er tilpassa naturen vil vere aktuelt.

Det er etablert driftsvegtilkomst til toppstasjonen for varetransport mm. Driftsvegen blir også nytta av gåande både opp og ned, men gondolen fraktar hovudtyngda av besøkande. Det er etablert ein større parkeringsplass ved Holmen for dei som vil kome via Oppheim-Rake, og til fots derifrå til Hoven.

6 Verknad på landskap og omgjevnader

6.1. Landskap og natur

Tiltaka som er planlagd ved Hoven og Skredfjellet medfører reduksjon av registrert inngrepsfritt område (INON) i sone 2. Dvs. område der det er 1-3 km frå inngrep.




Fig. 15. Kart over INON-område status 2018 med endring frå 2013. Reduksjon av inngrepsfritt område 2013-2018 er vist med rosa.

Ved Hoven, nedre del av via Ferrata Acitivity, er det registrert granmeis som er ein trua art og bergirisk og heipiplerke som er registrerte ansvarsarter.

Det er også registrert ansvarsarter av planter slik som blålyng, greplyng og rypebær.

Landbruks- og skogsinteresser

Fjellområdet er registrert som beiteområde for Stryn og Loen beitelag i 2022. Beitedyr er sau, storfe og geit. Auka aktivitet i område Skredfjellet - Hoven og ev. verknad for beitedyr må vurderast.

Tiltaka påverkar ingen skogbruksinteresser.

6.2. Omgjevnad

Friluftsliv Området Staurinibba – Skredfjellet – Oppheim er registrert som svært viktig friluftsområde.




Fig.16 Kart som viser registrert friluftsområde, kjelde Fylkesatalas.

Området er kartlagt av kommunen i 2018, og vektninga er grunnlagt slik:

Turområde med skilte løypenett både sommar og vinter. Stor utfart heile året. Løypenettet er i stor grad nytt etter at kabelbana Loen skylift vart opna i mai 2017, og er i stadig utvikling. Stor variasjon i traseane, dei lettaste er tilrettelagde for å kunne trille barnevogn/rullestol.

Nye tiltak er forventa å gi auka tilgjenge og bruksintensitet i området.

Infrastruktur

Løysing for VA vil bli avklara i planprosessen.

Andre forhold

Planlagde tiltak beslaglegg ikkje etablerte leikeareal og hindrar heller ikkje framtidig bruk av natur og friluftsområde.

6.3. Kunnskapsgrunnlag

Utførte kartleggingar og analysar

NVE Skredfarekartlegging i Stryn kommunen, rapport 45/2017

NVE Ekstern rapport nr.7/2022 Oversiktskartlegging kvikkleire – Risiko for kvikkleireskred i Stryn kommune.

NGI, rapport av 20.06.14, rev. 3.9.14, Skredfarevurdering for revidert reguleringsplan Sleipner Hoven AS, Stryn kommune.

Sunnfjord geo consulting as , Geological _surveys_ at _Hoven_ in _Loen_ Stryn_ municipality, juni 2014.

Sunnfjord Geo Center, Skredfarevurdering på gbnr 70/238 ved Hoven i Stryn kommune, datert 26.06.2019.

Sunnfjord Geo Center, Beregning av dimensjonerende skredlaster for utbygging ved Hoven i Loen i Stryn kommune, datert 01.06.2022.

Miljøfaglig utredning , notat 2014-15(14.07.14) Hoven Loen Naturverdier og sårbarhetsvurdering knyttet til planlagt utbygging.

iVest Consult, Konsekvensutgreiing med ROS-analyse, områdeplan Hoven Loen Stryn kommune, datert 16.09.2014.

Løypenett, SleipnerHoven-prosjektet, rapport utarbeidd av Natursservice DA, juni 2014.

7 Samfunnstryggleik – risiko og sårbarheit

7.1. Risiko og sårbarheit

Potensiell fare er vurdert gjennom analyseskjema, under. Tenkjelege hendingar, risikovurdering og moglege tiltak vert samanfatta i ein risikomatrise, og det vert laga ei oppsummering som viser identifiserte tiltak, og korleis desse er sikra gjennom plandokument. Alle punkt i sjekklista vert vurdert. Risiko = Sannsyn x Konsekvens. Sjekklista sine punkt skal omfatte både hendingar som er aktuelle i no- situasjon og som er konsekvensar av å gjennomføre planen.

Tabell 1 Matrise for risikovurdering

Konsekvensar	1 Små	2 Middels	3 Høg
Sannsyn			
3 Høg	3	6	9
2 Middels	2	4	6
1 Låg	1	2	3

- Hendingar i raude felt – uakseptabel risiko: Tiltak er naudsynt
- Hendingar i gule felt – akseptabel risiko: Tiltak vert vurdert gjennom kost/nytte
- Hendingar i grøne felt – akseptabel risiko: Enkle tiltak gjennomførast der det gjev effekt

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
Sjekkliste:							
Natur- og miljøforhold							
Ras/skred/flom/brann							
1. Steinsprang, og jordskred/flaum	J	N	2	1	2	Aktsemdområde, Steinsprangfare langs deler av dagens driftsveg. Lite trafikk, lav fart og kort oppholdstid langs vegen.	Kartdata frå NVE
2. Masseutgliding/kvikkleire	N	N	1	1	1		Kartdata frå NVE
3. Snøskred	J	J	2	2	2	Aktsemdområde, snøskredfare langs store deler av dagens driftsveg. Byggeområda ligg utanfor skredfare.	Kartdata frå NVE Rapport: Beregning av dimensjonerende skredlaster for utbygging ved Hoven i Loen, Sunnfjord Geo Center 3.6.22.
4. Dambrot	N	N	1	1	1	Ingen dammar i området.	
5. Elveflaum	N	N	1	1	1	Ingen større elvar ligg i planområdet.	Kartdata frå NVE
6. Overflatevatn/klimaendr. Nedbørutsett	J	J	2	2	4	Plan for handtering av overvatn må utarbeidast for nye tiltak.	Nordplan
7. Skogbrann (større/farlig)	N	N	1	1	1	Lågtveksande og lite vegetasjon.	Fylkesatlas
8. Brann/sløkkevatn /tilkomst for brannbil	N	J	1	1	4	Har ikkje tilfredsstillande løysing for sløkkevatn. (endra etter oppstartsmøtet)	Stryn kommune
Vær, vindeksponering							
9. Vindutsatte område(Ekstremvær, storm og orkan)	J	J	2	2	4	Utsatte område Hoven – Skredfjell . Utvida system for varsling og stenging ved ekstremvær må etablerast.	Nordplan
Natur- og kulturområder							
http://www.miljostatus.no/kart/							
10. Sårbar flora	N	N	2	2	4	Ulike typar ansvarsartar er registrert, blålyng, rypebær, greplyng.	Fylkesatlas

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
11. Sårbar fauna /fisk, verneområde og vassdragsområde	N	N	2	2	4	Trua art , av særleg forvaltningsinteresse: Granmeis, registrert i 2018 Ansvarsarter heipiplerke og bergirisk.	Fylkesatlas.
12. Fornminne (Automatisk freda)	N	N	1	1	1	Ingen registrerte	Fylkesatlas
13. Kulturminne/-miljø	N	N	1	1	1	Ingen registrerte.	Fylkesatlas
14. Grunnvass-stand	N	N	1	1	1	Lav til svært lav . Det er etablert grunnvassbrønnar ved Hoven.	SeNorge, grunnvanntilstand NGU. kart
Menneskeskapte forhold							
Risikofylt industri mm.							
15. Kjemikalie/ petroleum/ eksplosiv (kjemikalieutslep p på land og sjø)	N	N	1	1	1	Ikkje relevant.	Nordplan
16. Avfall (ulovleg plassering/ deponering/ spredning farlig avfall)	N	N	1	1	1	Ikkje relevant.	Nordplan
Strategiske område							
17. Brot i transportnett, veg, bru, knutepunkt	N	N	1	1	1	Ikkje relevant.	
18. Forsyning kraft/ elektrisitet (Samanbrot i kraftforsyning)	N	N	1	1	1	Lagt som jordkabel i veg. Nødstraums-aggregat ved Hoven.	Ros-analyse Hoven
19. Svikt i fjernvarme	N	N				Ikkje relevant	
20. Vassforsyning (Svikt/ureining av drikkevass-forsyning)	N	N	1	1	1	Det er etablert vassforsyning ved Hoven, grunnboring.	
21. Avlaup-systemet (Svikt eller brot)	N	J	2	2	4	Plan for avlaup må utarbeidast.	
22. Terror/sabotasje/ skadeverk. Vold/ran og gisselsituasjon	N	N	1	1	1	Ikkje relevant.	Nordplan

ANALYSE							
Uønska hending	Kons før	Kons av	Sanns.	Kons.	Risiko	Kommentar/ Tiltak	Kjelde
(eller trugsmål om)							
23. Tele/ Kommunikasjons samband (samanbrot)	N	N	1	1	1	Nødsystem/samband er etablert.	
24. Brann (med større konsekvensar)	N	N	1	2	2	Få bygningar, og snaufjell. Pga. stor avstand til brannstasjon er det behov for eigeninnsats og brannsløkkematerielle på staden.	Nordplan
25. Samanrasing av bygning/ konstruksjonar	N	N	1	1	1	Ikkje relevant	Nordplan
Andre ureiningskjelder							
26. Bustadureining	N	N				Ikkje relevant	Nordplan
27. Landbruks- ureining	N	N				Ikkje relevant	Nordplan
28. Akutt ureining	N	N				Ikkje relevant	Nordplan
29. Støv og støy; industri	N	N				Ikkje relevant	Nordplan
30. Støv og støy; trafikk	N	N	1	2	2	Antatt lite endring i biltrafikken.	Nordplan
31. Støy; andre kjelder	N	N	1	1	1		Nordplan
32. Ureining i sjø/vassdrag	N	N				Ikkje relevant.	
33. Ureining i grunn	N	N	1	1	1	Ingen registrerte	Fylkesatlas
34. Radongass	N	N	1	1	1	Moderat til lav.	.ngu.no/kart/radon/
35. Høgspenline	N	N	1	1	1	Ingen innafor planområdet.	Fylkesatlas
Trafikktryggleik							
36. Ulykke med farleg gods	N	N	1	1	1	Ikkje relevant	
37. Ulykke ved inn,- og utkøyring.	N	N	1	1	1	Lav trafikk på lokalvegnettet.	
38. Ulykke med gåande/syklande	N	N	1	1	1	Lav trafikk på lokalvegnettet.	
39. Vær/føre avgrensar tilkomst til området	N	N	1	1	1		

8 Planprosess og medverknad

8.1. Varslingspartar ved planoppstart

Aktuelle fagmyndigheiter, grunneigarar, naboar og andre vil blir varsla gjennom varslingsbrev og annonse i lokalavisa, avklarast nærare med kommunen i oppstartsmøtet.

Forslag til aktuelle offentlege høyringspartar:

Namn	Adresse	Postnr/Stad	E-post
Statsforvaltar i Vestland	Njøsavegen 2	6863 Leikanger	# sfvlpost@statsforvalteren.no
Vestland fylkeskommune	Askedalen 2	6863 Leikanger	postvlfk.no
Statens Vegvesen Region Vest	Askedalen 4	6861 Leikanger	firmapost-vest@vegvesen.no
NVE Region Vest	Naustdalsveien 1B	6800 Førde	rv@nve.no
Linja	Langmyra 6	6160 Hovdebygda	post@linja.no
Telenor kabelnett	Postboks 7150	5020 Bergen	kabelnett@telenor.com
Naturvernforbundet i Sogn og fjordane			Oyvindm@naturvernforbundet.no

Private partar blir å avklare i oppstartsmøtet med bakgrunn i den planavgrensinga som ein vert samde om.

8.2. Medverknad

Medverknad i plansaker følgjer plan- og bygningsloven, kapittel 5 om medverknad i planlegginga: §5-1. *Enhver som fremmer planforslag, skal legge til rette for medvirkning. Kommunen skal påse at dette er oppfylt i planprosesser som utføres av andre offentlige organer eller private.* §5-2. *Når loven her bestemmer at et planforslag skal sendes på høring, skal forslaget sendes til alle statlige, regionale og kommunale myndigheter og andre offentlige organer, private organisasjoner og institusjoner, som blir berørt av forslaget, til uttalelse innen en fastsatt frist.*

Ein legg i utgangspunktet ikkje opp til medverknad ut over annonsering og høyringar.

9 Vurdering etter forskrift om konsekvensutredninger

Vi har gjennomgått *Forskrift om konsekvensutredninger for planer etter plan og bygningsloven §§ 6, 8 og 10 (i kraft 01.07.2017)*.

Tiltak ved Hoven er delvis utvidingar og delvis omrokeringar av byggeareal i regulert område. Medan tiltaka knytt til Skredfjellet er nytt tiltak innanfor LNF-område og ikkje i tråd med overordna plan.

Eigenskapar ved planen eller tiltaket vurdert ut frå KU- forskrifta §10, andre ledd:

a) Storleik, planområde og utforming
Byggetiltaka ved Hoven og på Skredfjellet utgjer ca. 1800 m ²
b) Bruken av naturressursar, særleg areal, jord, mineralressursar, vatn og biologiske ressursar
Arealbeslaga på Skredfjellet - Vardehytta, utviding bygningar Hoven, totalt ca. 2-3 daa (fotavtrykk). I tillegg til etablering av stiar.
c) Avfallsproduksjon og utslepp
Hushaldningsavfall, og klimagassutslepp i bygge- og driftsfasen.
d) Risiko for alvorlege ulykke og/eller katastrofer
Ingen risikofylte tiltak knytt til byggeområda som kan gi alvorlege konsekvensar for omkringliggende areal.

Lokalisering og påverknad på omgjevnadane §10, tredje ledd:

a)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Trua art kan bli råka - granmeis ▪ Ansvarsartar kan bli råka - Blålyng og rypebær , greplyng. Heipiplerke, bergirisk
b)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Området Skredfjellet – Oppheim er viktig for friluftsliv, og nye tiltak vil bli liggande innanfor området.
c)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Kjem i liten grad i konflikt med statlege og eller regionale planretningslinjer. (samordnet bolig, areal- og transportplanlegging, strandsone, klima- og energiplanlegging, barn og unge).
d)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Planforslaget medføre noko beslag av beiteareal.
e)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Medfører ingen auka miljøbelastning på vassforekomstar.
f)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Medfører små/ubetydelege konsekvensar for folks helse, for eksempel som følgje av vass- eller luftforureining
g)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Medfører ikkje vesentleg forureining. Omfang klimagassutslepp er usikkert.
h)	<ul style="list-style-type: none"> ▪ Liten risiko for alvorleg ulykke som følgje av naturfarar som ras, skred eller flaum.

Denne vurderinga etter § 10 er gjort på grunnlag av vår informasjon og den kunnskapen som offentlege interesseorgan har gjort tilgjengeleg som kjeldemateriale.

9.1. Aktuelle utgreiingstema

- 1) Vurdering av landskapsverknaden i forhold til nye og etablerte tiltak, reduksjon av inngrepsfritt område - verknad fjellandskap.
- 2) Verknad for landbruk m.o.t beiteareal.
- 3) Konsekvensar for naturmangfald (naturtypar og artar)
- 4) Verknadar for friluftsliv – intensivert bruk, nye installasjonar.
- 5) Klimagassrekneskap (arealbeslag, transport, materialbruk og anleggsarbeid)
- 6) ROS-tema: overvatn, sløkkevatn og avlaup.